



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
P.b. 8112 Dep
0032 OSLO

Arkivsakid-doknr:	16/696-5	Saksh:	Gunnhild Sandvin	Arkivkode	Dato:
Journalpostid:	16/5673	Telefon:	53 67 35 27	K2 - L33	01.11.2016

Høyringsvar frå Eidfjord kommune - Organisering av eigedomsoppmåling i Noreg, endringar i matrikkellova m.m

Eidfjord formannskap - 16/126:
Det er fatta følgjande vedtak i saka:
Eidfjord kommune legg alt. 1 til grunn for uttale.

Alt. 1 til uttale:

Eidfjord kommune støttar ikkje framlegget om å oppheva det kommunale ansvaret for eigedomsoppmåling. Kommunen støttar heller ikkje framlegget om å overføra føringa av matrikkelen til Kartverket.

Dette er grunngeve slik;

Eigedomslandmåling eignar seg ikkje for privatisering på grunn av;

- negative konsekvensar for kvaliteten i matrikkelen
- auka kostnadar for brukarane i distrikta
- tap av kompetanse i kommune-Noreg

Me kan ikkje sjå at regjeringa sine argument som handsamingstid, pris eller kvalitet er saklege argument som talar mot dagens ordning. Det er lite som talar for at oppgavene samla sett blir billigare, betre eller generelt meir tilgjengelege, ved å oppheve det kommunale ansvaret.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune



Gunnhild Sandvin
møtesekretær

Kopi til arkiv og kopibok



EIDFJORD KOMMUNE

Arkiv: K2 - L33
Arkivsak ID: 16/696 - 4
Journalpost ID: 2016005358
Saksh.: Hereid, Bente Elin
Dato: 12.10.2016

SAKSGANG

Utvalg	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	20.10.2016	16/126

Høyrings svar frå Eidfjord kommune - Organisering av eigedomsoppmåling i Noreg, endringar i matrikkellova m.m

Andre dokumenter i saken:

Regjeringen åpner for privat oppmåling av eiendommer

Høring - Organisering av eigedomsoppmålingen. Forslag til endringer i matrikkellova

Organisering av eigedomsoppmåling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord kommune legg alt. 1 til grunn for uttale.

20.10.2016 - Eidfjord formannskap

Røysting:

Samrøystes vedteke.

FSK - 16/126 - Vedtak:

Eidfjord kommune legg alt. 1 til grunn for uttale.

Desse har uttalt seg i saka:

Særutskrift skal sendast til: KMD

Endeleg avgjerd i: Formannskapet

Saka gjeld:

Regjeringa foreslår å fjerna kommunane sitt eineansvar for oppmåling av eigedomar. I staden skal Staten (ved Kartverket) ta over føringa av matrikkelen (eigedomsdelen) og det skal etablerast ein privat bransje som skal ta over eigedomsoppmålinga. Framlegget er sendt på høring, med frist 15. november.

Bakgrunn for framlegget:

Bakgrunnen for høyringsframlegget er eit dok 8-framlegg frå Stortinget. 4 representantar for dei borgarlege partia la fram eit framlegg om at regjeringa skulle utreda forslag om å oppheva det kommunale ansvaret for eigedomsoppmåling. Grunngevinga var at gebyra variera frå kommune til kommune, at det var lang ventetid og at man ynskja eit skilje mellom myndigheit (PBL) og tenesteproduksjon. Framlegget vart handsama i Energi- og miljøkomiteen. Fleirtalet, ved Høgre, Fremskrittspartiet, Venstre og Miljøpartiet De Grønne, gjorde fylgjande vedtak (I): *Stortinget ber regjeringen om å utrede forslag om hvordan eiendomsoppmåling skal organiseres, herunder vurdere sertifiseringsordning for tilbydere av eiendomsoppmåling*

Kristelig Folkeparti snudde i saken og saman med Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, gav dei ikkje sin tilslutning til framlegget om å oppheva det kommunale ansvaret for eigedomsoppmåling.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt framlegg – kort oppsummert

Den 19. august la departementet sitt framlegg ut på høyring. Dei grunnjev framlegget til privatisering med at det vil verta enklare for grunneigarane å få tilgang til landmåling, det vert billigere og det vert utvikla ein ny bransje i Noreg. Kommunal- og moderniseringsminister Sanner seier i ein pressemelding:

«Vi vil få en mer fleksibel og effektiv organisering av eiendomsoppmålingen. Personer og bedrifter vil få valgfrihet og vi forenkler systemet med registrering av eiendomsopplysninger, konkurranse og fri prisdannelse på oppmålingsdelen. Å samle mer av ansvaret for eiendomsregistreringen hos Kartverket vil effektivisere arbeidet og sikre ensartet føring av eiendom. Det vil også forenkle samordningen og forbedre kvaliteten.»

Departementet syner også til korleis eigedomsoppmålinga er organisert i andre europeiske land. Dei foreslår at arbeidet skal utførast av ein privat og autorisert landmålar, men også kommunane kan halde fram med oppmåling, men då i konkurranse med private firma. Departementet syner til at konsekvensane kan verta dyrare oppmåling, men kanskje raskare gjennomføring. Både reiseavstand og meirverdiavgift vil gje dyrare oppmålingar i enkelte saker, medan tomter i større utbyggingsfelt truleg vil verta billigare.

I forhold til kommunane, ser departementet at det kan vera ein fare for at kommunane vil mista fagfolk og kompetanse. Departementet anslår at verknaden av framlegget vil verta om lag 100 mill. kr i tap for kommunesektoren som heilheit. Samstundes vil kommunebudsjetta verta redusert i same storleik, slik at dette vert balansert over tid. Det vil likevel vere eit budsjettproblem for kommunesektoren, at den negative verknaden kjem straks, medan den positive kjem over mange år.

Departementet anslår at kostnadane ved å overta matrikkelføringa vil verta om lag 160 mill.kr, men at det blir en viss effektiviseringsgevinst og at Kartverket sine auka kostnader til matrikkelføring og autorisasjon vil dekkjast av gebyr.

Rådmannen si vurdering av framlegget

Regjeringa fekk dette oppdraget av Stortinget; «*Stortinget ber regjeringen om å utrede forslag om hvordan eiendomsoppmåling skal organiseres, herunder vurdere sertifiseringsordning for tilbydere av eiendomsoppmåling*». Slik framlegget er presentert synest det at *utredningen* er mager og at høyringa går rett på å tilrå ein privatisering av dagens ordning. Saka er i tillegg svært fattig på dokumentasjon av påstandar som lang ventetid og høye gebyr.

På landsbasis syner spørjeundersøkingar og KOSTRA tall, at over 90 % av nye bustadtomter i 2015, var innanfor loven sin handsamingsfrist på 16 veker. Oppmålingsgebyr for «standard boligtomt» i 2015 var for de aller fleste kommunar mellom 12000 –28000, slik at departementet sitt argument om raskare handsamingstid og store sprik i gebyra, har liten fagleg grunngeving. For Eidfjord konkret, har me ingen saker som går ut over handsamingsfristen på 16 veker og eit standard gebyr hjå oss er på kr. 17209,- (2015 tall).

Kvaliteten på matrikkelen:

I Noreg er kvaliteten på dagens matrikkelkart svert varierende. Dei fleste grensene utanfor tettbygd strøk er ikkje oppmålt og krev ofte mykje arbeid å få plassert. Dette er arbeid som kommunen gjer når dei er ute på andre forretningar og som er vanskelig å setja pris på. Dersom oppmålinga skal overførast til det private vil deira arbeid utførast for den konkrete bestillinga dei har fått, utan omsyn til det som ligg rundt, det enklaste og billigaste er jo bare å måla enkelttomta, og overlate problema til neste. Dette vil føra til ein gradvis dårligare matrikkel, i motsetning til ein gradvis betre matrikkel, slik som i dag.

Klage:

Slik ordninga fungera i dag får partane oppmålinga gjennomført av ein nøytral person, ein offentleg etat og det er eit einsarta klage system å forholde seg til. Rådmannen er skeptisk til ein ordning, der det er vanskelig for kunden å plassera ansvaret, der både offentlege- og private aktørar er involvert i ein innfløkt prosess. Og kva skjer der ein privat aktør går konkurs, kven har ansvaret for landmålinga?

Matrikkelføring hjå kartverket:

I framlegget er det lagt opp til at matrikkelføringa skal overførast frå kommunane til staten v/Kartverket. Grunngevinga er mellom anna ein meir einsarta praksis. Rådmannen meiner at dagens ordning, med kommunal føring av matrikkelen, er så regelstyrt, at det ikkje vil bli særlig meir einsarta. I tillegg skal kommunane, som nemnt, føre den delen av matrikkelen som handlar om bygg og adresser, og det er lite ynskjeleg å dele opp dette fagmiljøet. Kartverket vil, i samband med at tinglysinga nå skal bli digital, få mange overflødige stillingar, og vil nok på sikt kunne byggja opp ei matrikkelføringsavdeling. Ulempa, slik rådmannen ser det, vil framlegget føra til ein storstilt flytting av kompetansearbeidsplassar frå distrikta til det sentrale Austlandet.

Fleire ulemper/konfliktar:

Departementet samanliknar oppmåling av tomter med taksering av eigedomar. Dersom to eigarar er ueinige om prisen på eit hus, bestiller dei ofte kvar sin takst. Ei eigedomsgrensa er alltid eigd av to parter, stiller mann da med kvar sin landmålar? Dette er grunngeving med at

privat landmålar er betalt av ein av partane, og at den nye lova ikkje legg opp til at ein kan klage på oppmålingsforretninga.

Dagens ordning gjev god kvalitet:

I dag utfører landmålararen oppmålingsforretning og fører i matrikkelen. Så lenge dette vert gjennomført med sidemannskontroll, sikrar dette god kvalitet på arbeidet, me unngår misforståing, og det er ingen forseinking i overleveringar av dokument og data. Våre landmålarar har høgt omdømme og integritet.

Økonomiske konsekvensar:

Sidan innføring av matrikkellova i år 2010 har kommunen tatt inn om lag kr. 5 mill.kr i oppmålingsbegyr. Berre lønskostnadene den same perioden er over 10 mill.kr.

Pris og gjennomføring:

Vidare meiner rådmannen at høringsforslaget er tilpassa store byar. Å oppheva den kommunale landmålingsordninga vil i utkantstrok føra til vanskelegare tilgang på landmåling, og høgare prisar for brukarane. Reisetid og meirverdiavgift skal reknast inn i kvar sak, i tillegg vil eigen pris for matrikkelføring, og utlevering av naudsynt dokument koma i tillegg. Slik situasjonen er i dag, er dei ulike forretningane vedteke med pris i eit gebyrregulativ, som gjev føreseieleg situasjon for betalaren og like saker vert prisa likt, uavhengig av plassering. Gebyrregulativet er utarbeida etter areal, i tillegg vert det gjeve rabatt for oppmåling av fleire tomter i same felt. Eidfjord kommune har i fleire saker nytta privat landmålar og vår erfaring i desse sakene er at alle har kome utanfor våre prisrammer. Rådmannen våger å påstå at dei aller fleste grunneigarane som nyttar kommunen sine tenester, er nøgde med den handsaminga kommunen tilbyr. Gebyrregulativet er satt ned for store eigedomar, slik at det betre speglar faktisk brukt tid for oppmålingsarbeidet. Det vert og gitt rabatt for oppmåling av fleire samanhengande tomter i eit felt, etter regelen om unntak i regulativet. Samstundes gir regulativet publikum ein moglegheit til å få målt tomter utanfor tettbygd strom til ein overkommeleg pris. Kommunen har hatt måleoppdrag langt «utanfor allfarveg», noko man kan anta nesten ikkje hadde vore mogleg å gjennomføra etter vanlege anbudsprinsipp.

Framleis kommunal oppmåling:

Dersom kommunane framleis ynskjer å tilby oppmålingstjenester må dette organiserast som et kommunalt føretak eller som eit aksjeselskap. Her kjem då stadige påstandar om kryssubsidiering og EØS-avtalens regler inn. Drammen kommune har forsøkt ei slik løysning, og dei har blanda erfaringar med dette.

Juridiske konsekvensar:

Kommunen som oppmålingsmynde og lokal matrikkelstyresmakt vil forsvinne.

Miljømessige konsekvensar:

Lengre reiseveg for landmålarar.

Personalmessige konsekvensar:

Tenesta omfattar 3 heile stillingar for Eidfjord kommune i dag. Dersom departementet sitt framlegg vert vedtatt, lyt kommunen ta stilling til omplasseringar eller forsett drift, som AS.

Rådmannen er redd framlegget vil føre til at Eidfjord kommune mister fagpersonar og kompetanse på fagfeltet. Kart- og oppmålingsavdelinga har i dag andre viktige oppgåver utanom oppmåling og matrikkelføring. Det kan nemnast, teknisk planarbeid, planregister,

vedlikehald av egne fkb data, matrikkelføring av bygning og adresser, leveranse av analoge og digitale kart, og forvaltning av kartprogrammer, webkart, med meir. På sikt vil ein utarming av de kommunale fagmiljøa innan kart og oppmåling, setja mange store samarbeidsprosjekt i fare. I «Norge Digitalt» og «Geovekst» samhandlar stat, fylke og kommunane om å skaffe til veie oppdaterte kart og temadata i alle nødvendige målestokkar. Mangel på fagfolk hjå kommunane, kan igjen føra til at regjeringa sin satsing på digitalisering ikkje lar seg gjennomføre.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konklusjon

Forslaget om å oppheva det kommunale ansvaret for eiendomsoppmåling og matrikkelføring, mangler faglig grunngjeving. Forslaget å ber preg av å vere ideologisk motivert.

Rådmannen tilrår ikkje forslaget om å oppheva det kommunale ansvaret for eiendomsoppmåling, samt å overføre føring av matrikkelen til Kartverket. De viktigste argumentene mot forslaget er at det vil kunne medføre auka konflikter, færre moglegheiter for innbyggjarane å klage, dyrare tjenester for innbyggjarane, og auka kostander for kommunane. Kommunane utfører arbeidet etter sjølvkostprinsippet, noko som medfører at kommunen ikkje kan ta høgare gebyr enn utgiftene kommunen har, med å få utført arbeidet.

Kommunalt ansvar for eiendomsoppmåling fungerer godt i Eidfjord kommune og kommune-Noreg generelt, sett i betraktning av vår historie, busettingsmønster, geografi og medvit om eiendomsgranser som felles offentlig infrastruktur.

Korkje ventetid, pris eller kvalitet er saklege argument mot dagens organisering. Det er lite som talar for at oppgåvene samla sett vert billigare, betre eller generelt meir tilgjengelege, ved å oppheve det kommunale ansvaret.

Alt. 1 til uttale:

Eidfjord kommune støttar ikkje framlegget om å oppheva det kommunale ansvaret for eiendomsoppmåling. Kommunen støttar heller ikkje framlegget om å overføra føringa av matrikkelen til Kartverket.

Dette er grunngjeve slik;

Eigedomslandmåling eignar seg ikkje for privatisering på grunn av;

- negative konsekvensar for kvaliteten i matrikkelen
- auka kostnadar for brukarane i distrikta
- tap av kompetanse i kommune-Noreg

Me kan ikkje sjå at regjeringa sine argument som handsamingstid, pris eller kvalitet er saklege argument som talar mot dagens ordning. Det er lite som talar for at oppgåvene samla sett blir billigare, betre eller generelt meir tilgjengelege, ved å oppheve det kommunale ansvaret.

Alt.2 til uttale:

Eidfjord kommune støttar framlegget til ny organisering av eiendomsoppmåling. Dei

viktigaste argumenta for framlegget, er at det vil verta enklare eller kanskje raskare for grunneigarane å få tilgang til landmåling, og me får utvikla en ny bransje i Noreg. Det kan hevdast at det i sentrale stromkretsar er rimelegare og enklare å få tilgang til landmåling.

Aud Opheim Lygre
rådmann

sakshandsamar